

## **MÅLSETJING FOR DET PSYKISKE HELSEARBEIDET I SVEIO**

### **OVERORDNA MÅL:**

Av kommuneplanen for Sveio går det fram at Sveio skal vera ein god kommune å bu i - og dette ligg også i botn for målsetjinga for det psykiske helsearbeidet.

Målsetjingane for psykisk helsearbeid er forankra i føringane som ligg til grunn for å opprette eit kommunalt helsetilbod, Stortingsmelding 25 «Åpenhet og helhet», Opptappingsplanen for psykisk helse (1999 – 2008) og i Nasjonal helseplan (2007-2010)

### **HOVUDMÅL:**

Sveio kommune skal leggja vekt på følgjande grunnelement:

- God fagleg og tilgjengeleg hjelp prega av samarbeid, respekt, likeverd og medansvar
- Individuelt tilpassa tenester
- Rask psykisk helsehjelp - tidleg innsats
- Brukarmedverknad

### **Målet for tenestetilbodet til menneske med psykiske lidingar er å «fremje uavhengighet, sjølvstendighet og evne til å meistre eige liv»**

Målet skal vera å hjelpa den einskilde til i størst mogeleg grad å meistra eige liv. Kommunen sitt tilbod til menneske med psykiske sjukdommar og livs-utfordringar må difor omfatta følgjande grunnelement:

- Tilfredsstillande bustad med tilstrekkeleg bistand
- Høve til å delta i meiningsfylte aktivitetar
- Høve til å inngå i eit sosialt fellesskap
- Nødvendige helsetenester

### **DELMÅL:**

Handlingsplanar for vaksne og for barn/unge blir årleg drøfta og rullerte av tverrfaglege samarbeidsparter frå fleire tenesteområde i kommunen. Desse skal gjenspegle kva som til ei kvar tid er satsingsområda i arbeidet, og er å finne i kvalitetssystemet på intranett for Sveio kommune.

Avdelingsleiar for Psykisk helseteneste har ansvar for å kalle inn til samarbeidsmøte, og organisere det administrative planarbeidet innan psykisk helsearbeid.

Tilføyning av kulepunktet: Rask psykisk helsehjelp -i hovudmål 8/5 2017